



Arkivnr: 2017/16602-18  
Saksbehandlar: Beate Bergsholm

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval         | Saknr. | Møtedato   |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet |        | 01.02.2018 |

## Sal av AS Austevoll bruselskap

### Samandrag

Sal av aksjar i dei 10 bompengeselskap Hordaland fylkeskommune eig, aleine eller saman med andre, til Ferde AS, er ei oppfølging av Meld. St. 25 (2014 -2015) «På rett veg – reform i vegsektoren». Tilbodet frå Ferde AS gjeld alle 10 selskap og transaksjonen er planlagt 2. januar 2018.

Hordaland fylkeskommune eig 1020 aksjar i AS Austevoll bruselskap (51%) og salet omfattar heile aksjeposten. Dei øvrige aksjane i selskapet vert eigd av Austevoll kommune. Hordaland fylkeskommune forutset at øvrige eigarar sel sine aksjar i selskapet til Ferde AS.

Fylkesrådmannen rår til at aksjane i AS Austevoll bruselskap seljast for kr 423 300.

**Økonomi:** Bompengeselskapa har lånegarantiar frå Hordaland fylkeskommune. Sal av aksjar vil ikkje påverke fylkeskommunen sin økonomi på anna måte enn i balanseførte egedelar.

**Klima:** Sal av aksjar har ingen kjent påverknad på klima

**Folkehelse:** Sal av aksjar har ingen påverknad

**Regional planstrategi:** Sal av aksjar har ingen påverknad.

### Forslag til vedtak

1. Tilbod frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i AS Austevoll bompengeselskap vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtalen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Fylkesrådmannen, 15.01.2018

## Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune etablerte, saman med Sogn og Fjordane, Rogaland, Aust og Vest Agder, Ferde AS (tidlegare Ferde AS) som ein konsekvens av Meld St. 25 (2014-2015) «På rett vei – reformer i vegsektoren». Meldt St 25 (2014-2015) omhandlar mellom anna reformar i bompengesektoren. Stortinget slutta seg til regjeringa sitt forslag til reformar i bompengesektoren, kor det vart lagt opp til ein overgang til eit fåtal bompengeselskap. Stortinget meiner at færre bompengeselskap kan bidra til auka profesjonalitet i sektoren av både innkrevjinga og finansforvaltninga.

Ferde AS vart etablert i 2016 og har etter dette gjennomført ein prosess for å kome med eit tilbod på aksjepostane i alle bompengeselskap i dei fem fylka som eig selskapet. Dette gjeld ti bompengeselskap i Hordaland. Vi syner til vedlagte tilbod og reviderte tilbod frå Ferde AS.

Av omsyn til sakshandsaminga, likebehandling av eigarar og naudsynte politiske prosessar i fylkeskommunen og kommunane som eig bompengeselskap i Hordaland er det vedteke å handsame salet av bompengeselskapa i einskilde saker.

AS Austevoll bruselskap seljast så snart som rå og i samsvar med tilbod frå Ferde AS. AS Austevoll bruselskap vert eigd av Hordaland fylkeskommune (1020 aksjar) og Austevoll kommune (980 aksjar). Fylkeskommunens aksjepost er prissett til kr 423 300. Salet av fylkeskommunens aksjar forutset at øvrige eigarar sel aksjane til Ferde AS.

Hordaland fylkeskommune har garantert for låna i selskapet, og i samband med st.prp 11s vert det gjedd nye lånegarantiar til selskapet. Fylkesrådmannen kjem tilbake med eigen sak om dette.

## Fakta om selskapet

### AS Austevoll Bruselskap AS

**Organisasjonsnummer:** 932 109 654  
**Adresse:** Kommunehuset, 5392 Storebø  
**Stifta** 30.12.1976  
**Dagleg leiar/kontaktperson:** Astrid Norunn Fagerbakke (Austevoll kommune) (kontaktperson)  
**Arkivnummer:** 2014/18294

#### Eigarar:

|                         |             |      |
|-------------------------|-------------|------|
| Hordaland fylkeskommune | 1020 aksjar | 51 % |
| Austevoll kommune       | 980 aksjar  | 49 % |

**Aksjekapital:** kr 200 000 (2000 aksjar, pålydande kr 100 )

**Eigenkapitalprosent:** 0,6%

#### Styre:

Styreleiar: Anja Heggholmen  
 Nestleiar Harald Rydland  
 Anita Garlid Johannessen  
 Renate Møgster Klepsvik  
 Knut Klepsvik

#### Personlege Varamedl:

Signe Ekeland  
 Marie Elisabeth Lunde Bruarøy  
 Gustav Bahus  
 Narve Møgster  
 Oddvar Stangeland

#### Godtgjersler til styret:

Totalt kr 29.000 (2016)

#### Hordaland fylkeskommunes eigarrepresentasjon:

Fylkestinget oppnemner 3 (tre) styremedlem med varamedlem i kvar valperiode. Styrerepresentantane sit ut valperioden for fylkestinget.

Hordaland fylkeskommune skal ha fleirtal i styret.

**Selskapets føremål:**

Føremålet med selskapet er å stå for bompengefinansiering/ innkrevjing til finansiering av bru-, tunnel og vegprosjekt i Austevoll kommune i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens Vegvesen.

**Nøkkeltal for selskapet:**

|                  |                      |
|------------------|----------------------|
| Eigenkapital:    | kr 656 000 (2016)    |
| Driftsinntekter: | kr 28 785 000 (2016) |
| Årsresultat:     | kr 0                 |
| Likviditetsgrad: | 19,45                |

**Nøkkeltal for Hordaland fylkeskommune:**

Bokført verdi på aksjar: kr 102 000

Lånegaranti: kr 110 544 438 (pr 31.12.2016)

**Fylkesrådmannens vurdering av Hordaland fylkeskommunes eigarskap:**

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen er av samfunnsmessig karakter; å medverke til at vedtatt bompengefinansiering i samsvar med gjeldande bompengeproposisjon vert følgt, samt at innkrevjing og forvaltning av bompengane skjer i samsvar med gjeldande regelverk.

Fylkeskommunen har garantiansvar for selskapet sine lån, og det er derfor ein medviten eigarstrategi å inneha aksjefleirtalet – for å sikra seg at økonomiske disposisjonar i selskapet ikkje set den fylkeskommunale garantien i fare.

**Generelt om verksemda**

Selskapet har ingen tilsette og administrerast frå Austevoll kommune.

Austevoll bruselskap inngjekk i 2005 bompengeavtale med Vegdirektoratet som ga selskapet rett iht st.prp om bygging av Austevollbrua å krevje inn bompengar på ferjestrekningane til og frå Austevoll.

Hovudformålet til selskapet er å krevje inn bompengane og betale Statens Vegvesen etter rekvisisjon etter framdrift av prosjektet.

Vedlegg:

1. Tilbod frå Sørvest Bomvegselskap AS